

Bøkkerverkstaden også mote-arena

01.02.2012

Bøkkerverkstaden har vorte stadig meir populær som foto-arena. I dei seinare åra har den vore nytta fleire gonger under fotokurs og som bakgrunn for fotografering av til dømes grupper. Så er da også den gamle verkstaden ein malerisk eller - om ein vil - romantisk ramme.

Men det siste og nye er at den også har vorte arena for presentasjon av mote.

Det er nyinnflytta fotograf på Halsnøy Terese Bjørnebøle som har vore på Bøkkerverkstaden i samband med eit smigrande oppdrag ho har hatt.

For å nytta hennes eigne ord har ho vore så heldig å 'få lov til å ta bilder til vårkolleksjonen til Memini by Kristine Vikse. Det er ei klesmerke for barn designet av Kristine Vikse og eit av dei største merkene innanfor barneklær i landet av sitt slag.'

Terese har nytta 4 ungar som modellar og resultatet er riktig sjarmerande. Over og under er eitpar smakebitar.

<http://teresebfoto.com>

Av Ola Matti Mathisen